

# SNERTEN

**Infoskriv frå Norsk Langeleikforum**

Nr. 8  
Mars 2013  
Årgang 4

**Langeleikgruppa på Kongsberg fyller 20 år!**



Foto: Marit Steinsrud

Les om historia til denne gruppa frå starten fram til i dag på side 3

## Årsmøte med låttebyte og kurs

Her finn de omtale og biletar frå samlinga fyrste helga i februar. Vi har også lagt ved vedtekta til NLF, årsmelding og arbeidsprogram denne gongen



Foto: Gunvor Hegge

**"Med røter i fortida står du rusta for å møte framtidia"**

Festkveld for langeleiken i Valdres. Sjå side 6

**Låttestev og "småplukk"**

## Leiaren har ordet:



### GODE LANGELEIKVENER!

No har du fått nok ei Snert i hendene og kan kosa deg med nytt og nyttig frå langeleikmiljøet!

Spelehelga med årsmøtet på Buskerud folkemusikkcenter på Prestfoss var ei triveleg og varm samling til tross for mange minusgrader ute, og ekstra mil for enkelte.. Årsmøtet gjekk føre seg i sømelege former utan særleg diskusjon, og mange låttar vart utveksla. Langeleikgruppa i Kongsberg spel og dansarlag under leiing av Svein Westad held ein flott konsert om kvelden der dei presenterte litt av det rike utvalet som dei har lært seg gjennom dei 25 åra dei har halde på. Vi ynskjer hjarteleg til lykke med jubileet og sender dei ein stor takk for at dei tok initiativ til at Norsk langeleikforum kunne ha samlinga si på Prestfoss!

Landskappeleiken på Røros siste helga i juni er ein viktig møteplass for folkemusikken. Denne gongen er det særskilt viktig at vi som langeleikutøvarar mobiliserer og syner at vi vil vere med, både som soloutøvarar og i lag spel. Kappleikføreseggnene er no endra og punktet om lag spel lyder slik:

«Eit lag er definert som minimum 5 personar og utan ei øvre grense. I lag spel skal fele, hardingfele eller eldre folkemusikkinstrument vera berande instrument, men utover dette er det ingen avgrensingar i type instrument»

«Det vil seie at langeleiklaga endeleg er hjarteleg velkomne tilbake til Landskappeleiken,» skriv Rannveig Djønne frå FolkOrg.

Tusen takk! «Vi kjem til Røros», håpar eg at dei fleste langeleikutøvarar vil seie!

Helsing

styret v/ Marit



Gruppespel på årsmøtet

Foto: GH



## Årsmøte i NLF for 2012

Som deltakar på årsmøtet for 2012 i NLF på Folkemusikksenteret i Buskerud (Prestfoss i Sigdal), gledde eg mykje saman med folk som dyrka musikken og historia til langeleiken på ein ekte god måte. Det var ikkje så mange av oss, men eg kan trygt anbefale fleire å møte neste gong for å oppleva slik samkome. Det var eit godt forbudd årsmøte, godt tilstelte måltid med sterkt lokalbasert innhald "i gryta", og triveleg samvær rundt "låttedeling". Det gjorde vi på minst to måtar:

På spelekurs med Svein Westad og Gøril Ramo Håve delte vi opp låttar i vek og prøvde lære dei. Langeleikgruppa fra Kongsberg feirar i år 25 år, og dei delte mange låttar og historier med oss frå denne epoken under konserten laurdag kveld. Det fortalde oss om trufaste og engasjerde medlemar over lang tid. Takk skal de ha, Kongsberg!

Og takk til styret for vel gjennomført samling og lykke til med ARBEIDSPROGRAM 2013!

Krøderen, februar 2013.

Synnøve Hegge Sæta

## Langeleikgruppa i Kongsberg 20 år.

Det er i år 20 år sida det første kurset i spel på langeleik ble holdt på Kongsberg, i Galleri Åkers lokaler, i regi av Kongsberg Spel- og Dansarlag. Jeg hadde sjøl spilt en del år, etter at kona mi, Paula, hadde fått overbevist meg om at jeg burde lære meg å spille på dette gamle folkemusikk-instrumentet. I sin ungdom hadde hun hørt Olav Snortheim spille under et seminar på Høvringen seter, det hadde gjort et uforglemmelig inntrykk på henne. Den første leiken min var en Rudi leik, med bunn av kryssfiner og med knotter av bjørk - ikke særlig god i klangen, men grei som begynnerinstrument. Noen år seinere, i 1983, ble Landskappleiken arrangert på Kongsberg. Da hadde Paula igjen gjort et framstøt for meg: Hun hadde ringt til Olav Viken og spurta om



han kunne ta med seg en langeleik til meg og komme hjem til oss en dag. Jeg visste ingenting, før han satt i peisestua og smilte, med en splitter ny langeleik på bordet! Han tilbød seg å hjelpe meg med litt opplæring, og i de neste åra ble det mange turer opp til Fagernes og til hyggelige lærrestunder ved framskapet hjemme hos Olav Viken.

I 1993 tok jeg initiativet til å starte opp et langeleikkurs. Jeg fikk Jaigi Tidemand til å komme og lære oss. Vi var tre interesserte, Ingrid Hals og meg, pluss en til som seinere ga opp spillinga. Slåttene vi spilte på, var de vanlige begynnerlåttene, som Oletjenn-låtten og noen bånsuller. Huldrelått etter Ola Reinton var også en god begynnerlått som vi gjerne spilte.



Så i mars 2001 fikk vi nyss om at det skulle arrangeres et langeleik kurs på Mjonøy i Vinje, med Gøril Ramo Håve som lærer. Hun hadde vunnet langeleik-klassen på Landskappleiken den sommeren, og vi så her en god anledning til å lære låtter fra Telemark. I mellomtida hadde vi fått et medlem til i gruppa, Astrid Reggestad. Gøril lærte oss ikke bare noen fine tele-låtter, men også å stille strengene i bare kvint og oktav.

Reggestad. Gøril lærte oss ikke bare noen fine tele-låtter, men også å stille strengene i bare kvint og oktav.

Med dette stillet, låt spillet helt annerledes enn det «Valdres-læte» vi til da hadde hatt – endelig fri fra Valdres tradisjonen, tenkte vi. Flere av låttene Gøril lærte oss, spiller vi fortsatt mye, som Tuddalsfenta og Førnesbrunen.

I de neste åra ble det flere langeleikkurs, både i Kongsberg og på Folkemusikk-senteret i Prestfoss. Instruktører var både Gøril, Synnøve Hegge Sæta, Annbjørg Lien og Knut Åstad Bråten. Vi fikk økt slåttetilfanget vårt med låtter fra både Telemark, Hallingdal og Valdres, og nå hadde vi en masse stoff å jobbe med!



Langeleikgruppa februar 2013: Ingrid Hals, Asrid Reggestad, Svein Westad og Laila Holthe. Foto: GH

Til å begynne med fikk vi disponere bomberommet på Laagdalsmuseet til ukentlige øvinger hver torsdag. Det var litt trangt og lite, så vi var veldig fornøyde da vi etter noen år fikk bruke et større møterom. Her var bordplass nok, og vi var mer uforstyrret av dansespelet inne fra salen, der danserne holdt til. I 2001 hadde gruppa vår økt med nok et medlem, Laila Holthe fra Hokksund. Med fire langeleiker rundt det store bordet, låt det nå som vi var ei skikkelig gruppe!

Jeg hadde i mange år prøvd å overføre en del slåtter fra hardingfele til munnharpe. Dette hjalp meg også til å overføre noe av dette stoffet til langeleiken – deriblant flere slåtter fra Numedal og fra Telemark. Det var et viktig skritt for oss å kunne spille til dans i laget, med slåtter som Gamle Guro, Fleksåsen, Tjugedaleren og andre, og vi blir ofte spurta om å spille for danserne på lagskveldene. Det er også en stor utfordring, for tempoet i en Numedalsspringar er ganske hektisk, det er bare så vidt fingrene henger med i alle svingene!

Det er med glede jeg tenker tilbake på alle de hyggelige, men til tider ganske intense øvingskveldene i gruppa vår opp gjennom disse 20 åra. Det er vel bare langelekgruppa på Gjøvik som har lengre fartstid enn oss!

Svein Westad

## Dagens slåttestev

### **Stegaru'n**

Dotteri spurde mor si om ein ting:  
Hår ska ' e gøyme Stegaru'n min?  
Borte i roe der æ det ein krakk,  
der kan 'n leggje luve o' frakk  
Bakaom dynne der æ det ein krok,  
der kan'n hengje jakke o' brok  
Uppe på loftet der æ det ein benk,  
der finn du både skinnfell o' skjenk.

Dotteri spurde mor si om eit råd  
om ho 'kje kunne Stegaru'n få.  
Nei, kjære dotter, spør ikkje meg,  
eg vi no hava Stegaru'n , eg.




Dette er eit slåttestev ein kan finne fleire plassar. Ingrid Hals (biletet til venstre) har det etter mor si, Ingebjørg Klonteig Hals. Ho hadde det vidare i tradisjon etter faster si, Ingebjørg Mogen (f. Klonteig) frå Tinn, som var dotterdotter til langeleikspelaren Ågot Einung. Det andre verset har vi frå Gøril Ramo Håve.

Her er det saksa litt frå wikipedia:

Ågot Olsd. Einung (1831 – 1911) var blant dei siste gode langeleikspelarane i Tinn. Ho spela slåttar som Fossegrimen, Føndeen og Førnesbrunen. Svein Løndal tok inn noko av spelet hennar i sin hardingfeleversjon av Førnesbrunen. Catharinus Elling skreiv ned slåttane hennar i 1910, men dei har visst gått tapt. Ågot Einung var født på Bøle og gifta seg i 1850 med Hans Olson Ørnes. I 1872 flutte dei til Nord-Einung. Dei hadde tre jenter og seks guitar. Den eine av gutane var Halvor H. Einung, forfattaren av Tinnsga.

Langeleiken på bildet tilhørte Ågot Olsd. Einung. Det var den kjende instrumentmakaren Herbjørn Knutson Mo som bygde denne langeleiken i 1766. Den vesle trehesten var festa til fingrane med trådar. Når Ågot spela, dansa hesten i takt med spelet. Levert Tinn Museum av Ågot Spetalen, Larvik i 1964.

Kjelde: <http://www.digitaltfortalt.no/>



## Levande langeleik

**"Med røter i fortida står du rusta for å møte framtidia". Med dette som utgangspunkt skipa Øystre Slidre Kulturskule til ein festkveld for langeleiken på Tingvang 3. februar.**

Tekst: Oddrun Hegge. Foto: Elisabeth Kværne



Her stilte elevar frå fem av Valdres-kommunane til konsert i lag med vaksne og veletablerte, langeleikutøvarar. Her kunne ein høyre lagsspel, solospel, langeleik til song, langeleik til dans og langeleik til underhaldande dokkedans.

I tillegg var det viktig med ei utstillingskavalkade som synte eit snitt av den materielle sida av langleiklivet - frå fyrste livsteken på 1400-1500-talet og fram til dagens utgåve. Kvart objekt er eit produkt av si tids forventning: modellutvikling, særtrekk, skala, behov for masseproduksjon styrt av etterspørsel, utfordringar i høve spelteknikk, harmoniar eller samspel med lydsterke musikkmiljø.

Ein kunne sjå instrument med eitt og to hovud, dei eldste frå tidleg 1800-tal. Det var utstilt leikar frå ei overgangstid før fela inspirerte både hovud- og lydholforma. Her var instrument som synte kunsthåndverk med flotte skorne og påteikna dekorasjonar. Boris Borisoffs polyharmoniske leik fortalte si historie. Eit par-tre utanlandske utgåver synte internasjonalt slektskap. Små barnebarn og små elevar inspirerar til å laga minileik, og jamvel katten har inspirert ein av modellane.

Kjærleiken til instrumentet er utruleg stor. Ein kan ikle seg både drakt, genser, lue, øyre- og halssmykke, nål og pins, og det fins jamvel kjøleskåpsmagnet og langeleikfrimerke. Eit knippe bøker og musikkutgjevingar synte sitt mangfald. Den ferskaste, Lise Lunde Brennhagen sin CD "Kjæring i sjødrevet" vart spesielt presentert, nærast lansert under konserten. På øvste hylle i utstillinga ruva det to kongepokalar og ein spelemannspris.

Bindemiddelet for kvelden var ei utruleg kunnskapskjelde i Valdresmusea sin folkemusikkarkivar, Elisabeth Kværne. Som den hjartemuskelen ho er i livet til langeleiken klarte ho å formidle eit perspektiv slik at alle gjekk kunnskapsrike derifrå. Elevane i kulturskulen fekk påfyll og innsikt i hobbyen sin slik ein ikkje får tid eller høve til i ein undervisningstime. Dette var eitt av måla til initiativtakarane, rektor Kari Onstad Hålien og langeleiklærar Gyda Grøndalen Hoffmann.

Kvelden hadde synt oss at dagens langeleikar, dagens behov og ideal for det musikalske uttrykket ikkje skil seg vesentleg frå opphavet for 500 år sidan. Mange krumspring har vore prøvd for å "forbetre instrumentet, auke mangfaldsbruken, imøtekoma moderne krav, overvinne svakheiter". Konklusjonen er likevel at langeleiken si svakheit er langeleiken sin styrke, og i dag er det dei gamle modellane, dei vakre, utsmykka eksemplara og framleis den eineståande langeleikklangen marknaden spør etter.

## MUSIKKHELG

munnharpe, seljefløyte og langeleik  
på Gjøvik 10. - 12. mai 2013

For meir info: sjå heimesida vår:

[www.langeleikforum.no](http://www.langeleikforum.no)



## Årsmelding Norsk Langeleikforum 2012

Styret har vore samla til styremøte på Hunn på Gjøvik 4 gonger i meldingsåret. Pr 1. januar 2013 har forumet 49 betalande medlemer.

### Informasjonsarbeid

Medlemsbladet "Snerten" har kome ut med 2 nummer sidan forrige årsmøte. Desse er lagt ut på heimesida vår, [www.langeleikforum.no](http://www.langeleikforum.no). Julinummeret vart også sendt til potensielle medlemer. Heimesida ser ut til å fungere fordi vi har fått fleire spørsmål om både instrumentkjøp og kursing.

Vi har også ei facebookside som heiter Norsk Langeleikforum.

Etter årsmøtet i fjor fekk vi ei stor annonse gratis i bladet folkemusikk, noko som førde til eitt nytt medlem.

### Økonomi

Styret har lagt arbeid i å skaffe midlar til drifta, og som rekneskapet viser, har vi fått gode tilskot både frå Musikkrådet, Rff og ikkje minst drifttilskot for landsomfattande organisasjonar frå Norsk musikkråd. Det er og oppretta eit fond til støtte for instrumentbygging og avsett kr 5000,- i 2012. Statuttar for fondet skal utarbeidast i 2013.

### Aktivitetar

I september vart Norsk Munnharpe- og langeleikfestival avvikla i Bø i Telemark. Det var tredje gong Norsk munnharpeforum og NLF samarbeidde om denne årlege festivalen. Her vart det avvikla tre kurs i langeleikspel, det var gode foredrag av Anders og Niels Røine og konsert med Svein Westad. I tillegg fekk vi besøkja folkemusikkarkivet med Kari Lønnestad.

NLF har kome med innspel til det nye tevlingsreglementet til folkOrg som eit innspel for å få inn samspel og dermed auke kappleiksdeltagninga på langeleik. Leiaren har også møtt på årsmøtet som gjest utan stemmerett.

I 2011 var vi sentrale i utgjevinga av CD med Snorheim, og det er difor moro å kunne notere at plata fekk pris for beste dokumentar i 2012.

Sidan vi har fått ein del foresprøslar om å skaffe kursleiarar både frå lag og enkeltpersonar, har vi prøvd å bistå med gode råd og tips. Leiaren i NLF har dessutan vore i Finland på Nordic Harp Meeting og halde kurs der.

I arbeidet med utvikling av pedagogisk materiell har vi fått på plass ein prosjektleiar, og vi vil setja ned ein redaksjonskomite etter årsamøtet.

Styret har jobba for å få til eit samarbeid med Norsk munnharpeforum, Norsk kvedarforum, Norsk lur- og bukkhornlag om samling og konsert på riksscenen i jan / feb 2014.

Vi hadde eit mål om å få til ei helg med instrumentbygging. Dette vart vanskeleg å koma i mål med i 2012, men vi har håp om å koma tilbake til det.

Skammestein, den 1. februar 2013

Gunvor Hegge  
- skrivar -

## ARBEIDSPROGRAM 2013

Arbeidsplan 2012-2015	Arbeidsprogram 2013	Ansvar	Tek til
<b>Drifte Norsk langeleikforum</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Drifte forumet i samsvar med vedtekten</li> <li>▪ Utarbeide budsjett: Søke pengar og syte for god budsjettstyring</li> <li>▪ Ajourføre medlemsregister – kasseraren sitt ansvar</li> <li>▪ Aktiv medlemsverving</li> </ul>	Styret	Kontinuerlig
<b>Drive informasjonsarbeid</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Utarbeide logo</li> <li>▪ Lage medlemsskriv to gonger i året, eitt om hausten og eitt om våren</li> <li>▪ Vidareutvikle internetsider</li> <li>▪ Oppdatere facebook-sida jamleg</li> </ul>		Kontinuerleg
<b>Drive samlingar/kurs</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vera pådrivar og vera disponibele som kurshaldarar i der det er ynskje om å lære langeleikspel</li> <li>▪ Vidareutvikle samarbeidet med andre organisasjonar (Riksscenen 2014)</li> </ul>		
<b>Motivere til vekst</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Norsk langeleikforum skal motivere til deltaking på kappleikar, konserter og elles gjere langeleiken synleg i det offentlege rommet</li> </ul>		Kontinuerlig
<b>Utarbeide pedagogisk materiell</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ NLF arbeider vidare med å utarbeide pedagogisk materiell og søker om midlar til dette</li> </ul>		
<b>Stimulere til bygging av instrument</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Setja av 5000 kr årleg i fem år til eit fond som mellom anna kan gå til utdanning, kursing, utgifter i samband med instrumentmaking o.a.</li> <li>▪ Styret har ansvar for at det blir utarbeidd statuttar for dette fondet</li> <li>▪ Informere om vedlikehald og utstyr til langeleiken</li> </ul>		2012
<b>Arkiv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ I samarbeid med folkemusikkarkiva, bidra med innsamling, dokumentasjon og registrering av skrifteleg og munnleg materiale om langeleiken</li> <li>▪ Arbeide for å få til ein samle-cd med arkivopptak</li> <li>▪ Skaffe oversikt over tilgjengelege instrument til utlån og sal i samarbeid med medlemene og dei lokale spel- og dansarlaga</li> </ul>		Kontinuerlig
<b>Vere høyringsinstans</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vere høyringsinstans i aktuelle folkemusikkpolitiske saker</li> <li>▪ Delta på årsmøte til folkOrg, lokale og regionale folkemusikklag</li> </ul>		Kontinuerleg
<b>Internasjonalt samarbeid</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Norsk langeleikforum skal samarbeide med personar og organisasjonar i andre land</li> </ul>		

# Vedtekter for Norsk langeleikforum

## § 1 - Føremål

Norsk Langeleikforum (stifta i 2009) har som mål å vera ein møtestad for utøvarar, instrumentbyggjarar og andre med interesse for langeleiken. Norsk langeleikforum skal arbeide for å ta vare på, vidareføre og formidle kunnskap om spel og instrument. Forumet skal og arbeide for å gjera kunnskapen synleg og tilgjengeleg for å auke kunnskapsnivå og interesse for langeleiken.

## § 2 - Tilknyting

Norsk langeleikforum er ein sjølvstendig og frittståande organisasjon.

## § 3 - Lagsverksemd

Norsk langeleikforum skal skipe til samlingar, seminar, konsertar og drive opplæringsarbeid gjennom kurs, gjerne i tilknyting til arrangement og/eller i samarbeid med andre organisasjonar. Samlingane skal planleggjast, tilretteleggast og gjennomførast av arbeidsgrupper i samarbeid med styret. Arbeidsgruppene skal heile tida halde styret orientert om arbeidet sitt og skal ha styret si godkjenning for dei økonomiske disposisjonane.

## § 4 - Styret

Styret skal vere samansett av 1 leiar og 4 styremedlem. Leiaren vert vald av årsmøtet for 1 år. Styremedlemma vert vald for 2 år, slik at 2 av dei er på val kvart år. Det skal og bli vald 2 varamedlem til styret. Revisor vert vald for 1 år. Oppgåvene til styret er å:

- ha overordna ansvar for samlingane.
- oppnemne arbeidsgrupper for samlingane og heile tida halde seg orientert om arbeid og budsjett.
- førebu årsmøtet og leggje fram årsmelding, rekneskap og framlegg til arbeidsprogram og budsjett.
- drifta nettsida og kontrollere dokument og informasjon som skal leggjast ut på intranett.
- informere medlemma med medlemsbrev og/eller via nettsida.
- krevja inn og forvalte medlemspengane i tråd med arbeidsprogrammet som årsmøtet har vedteke.

## § 5 - Årsmøtet

Årsmøtet skal haldast snarast råd i nytt rekneskapsår, helst i månadsskiftet januar/februar gjerne i kombinasjon med eit helgeseminar. Framlegg til saker på årsmøtet skal vera styret i hende seinast 4 veker før møtet, og dato for årsmøtet skal være kunngjort 6 veker før møtet. Alle saker til årsmøtet må vera oppført på saklista. Denne skal gjerast kjend for medlemma seinast 2 veker før årsmøtet. Årsmøtet vel leiар, styre, revisor og valnemnd, går igjennom årsmelding og rekneskap, vedtek medlemspengar og budsjett og drøftar langsiktig arbeidsplan og årleg arbeidsprogram. Alle som har vore medlemmer minst tre månader og betalt medlemspengar har stemmerett på årsmøtet. Ekstraordinært årsmøte skal haldast dersom styret finn det

nødvendig, eller dersom 1/3 av medlemma krev dette. Valnemnda skal bestå av 3 personar, og blir vald for 1 år. Eit medlem vert skifta ut kvart år. Lengstsitande vert leiar.

### **§ 6 - Heidersmedlem**

Styret kan peike ut heidersmedlem av Norsk langeleikforum. Dette skal vere personar som gjennom lengre tid har arbeidd godt for langeleiken og langelektradisjonar.

### **§ 7 - Endring av vedtekter**

Vedtekter kan berre endrast på årsmøtet og med  $\frac{3}{4}$  fleirtal

### **§ 8 - Oppløysing**

Norsk langeleikforum kan berre oppløysast av årsmøtet med minst  $\frac{3}{4}$  fleirtal, og ikkje dersom minst 5 medlem går mot dette. Dersom forumet vert oppløyst skal midla og eigedom gå til ein likeretta norsk organisasjon eller institusjon etter vedtak på årsmøtet.

## **Fleire bilete frå samlinga rundt årsmøtet**



God konsentrasjon øvst til venstre: Astrid Reggestad, Svein Arne Mæhlum og Marian Bråthen

Ikkje berre fjortisar som brukar telefonen!  
Kjekk å ha til opptak av nye låttar: Hans Sveen og Synnøve Hegge Sæta til venstre

Kari Steinsrud og Jorunn Remmen er fornøyde deltakarar (over)

## **Verkstad for små og store langeleik-tenester**

Ta kontakt med anten Oddrun Hegge tlf. 97176868 eller Valdresmusea tlf. 6135 9930. Me vil hjelpe så langt me kan og tilbyr stell og vedlikehald, sal av strenger, snertar og etui.



Nye langeleik-etui på marknaden, no som ryggsekk og med innerlomme for snert og krims-krams. Farge: vinraudt, svart og brunt. Pris kr. 1900. Kontakt Oddrun 19176868

Heimeside:

[www.langeleikforum.no](http://www.langeleikforum.no)

facebook: Norsk langeleikforum

e-post: [langeleikforum@gmail.com](mailto:langeleikforum@gmail.com)

Medlemspengar 2013: 200 kr

Kontonr. 1503.14.71807

## **Styret i Norsk Langeleikforum 2013**

### **Leiar:**

Marit Steinsrud  
Odnesvegen 561  
2822 BYBRUA  
Tlf 41 20 29 84

### **Kasserar:**

Turid Berge Endrerud  
Granstien 40  
2817 GJØVIK  
Tlf 934 52 808

### **Sekretær:**

Gunvor Hegge  
Bygdinvegen 2722  
2950 SKAMMESTEIN  
Tlf 907 40 702

### **Styremedlem**

Sigurd Braathen  
Oskars gate 64 E,  
1706 Sarpsborg  
Tlf 951 72 708

### **Styremedlem**

Lise Lunde Brennhagen  
Tingnesveien  
2900 FAGERNES  
Tlf 920 99 521